# Melding om uskifta bu

(Krav om uskifteattest frå attlevande sambuar)

| **Til tingretten/byfutembetet i** |
|---|
| |

Dette skjemaet gjeld for uskifte på grunnlag av sambuarskap der sambuarane har, har hatt eller ventar felles barn. På siste side av skjemaet er det ei kort orientering. Retten kan også gi vegleiing.

## Opplysingar om den døde

| Namn | Fødselsnummer (11 siffer) | Dødsdato |
|---|---|---|
| Bustadadresse | Postnr. | Poststad |

Sivilstand

☐ Sambuar ☐ Attlevande ektefelle/sambuar etter tidlegare død ektefelle/sambuar. Fyll i så fall ut felta nedanfor:

| Namn på tidlegare død ektefelle/sambuar | Fødselsdato | Dødsdato |
|---|---|---|

Sat den døde i uskifta bu etter ein tidlegare død ektefelle eller sambuar? ☐ Nei ☐ Ja

**Dersom den døde sat i uskifta bu, må dette eventuelt skiftast først.**

## Opplysingar om attlevande sambuar

| Namn | Fødselsnummer (11 siffer) | Telefonnr. |
|---|---|---|
| Bustadadresse | Postnr. | Poststad |

Sit attlevande sambuar sjølv i uskifta bu etter tidlegare død ektefelle eller sambuar? ☐ Nei ☐ Ja

**Dersom attlevande sit i uskifta bu, må dette eventuelt skiftast før det blir kravd nytt uskifte.**

## Opplysingar om andre arvingar etter den døde

Dersom den døde etterlet seg testament, set kryss her ☐ og legg ved originaltestamentet om det ikkje alt er oppbevart av/innlevert til retten.

Her fører ein opp arvingar etter den døde. Til vanleg vil det vere sambuaren sine felles barn eller barnebarn osv. som skal førast opp her. Den døde sine særkullsbarn skal førast opp i neste rubrikk. Attlevande sambuar skal førast i rubrikken over.

**Arvingar etter den døde** (gi også opp eventuelle verjer)

| Namn | Fødselsdato | Adresse | Slektskap med den døde |
|---|---|---|---|
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

**Den døde etterlet seg følgjande særkullsbarn** (gi også opp eventuelle verjer)

| Namn | Fødselsdato | Adresse | Slektskap med den døde |
|---|---|---|---|
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

Dersom du ikkje får plass til alle arvingane, kan du fortsette på eit eige ark.

## Opplysingar om buet

Attlevande sambuar skal gi ei summarisk oppgåve over kva for eigedelar som skal omfattast av uskiftebuet. Også dei andre eigedelane etter den døde, som skal skiftast, og attlevande sambuar sine eigedelar som han/ho skal behalde utanfor uskiftebuet skal førast opp. Dette for å kunne fastsetje verdiforholdet mellom den døde sine og den attlevande sambuaren sine eigedelar.

Eigedelar som tilhøyrer attlevande sambuar, går inn i uskiftebuet når dei høyrer naturleg saman med den døde sine eigedelar i uskiftebuet. Eksempel: Dersom den døde sin eigardel i ein fritidseigedom går inn i uskiftebuet, gjer også attlevande sin del det. Utbetaling av livsforsikring går til vanleg ikkje inn i uskiftebuet.

Før opp salsverdien av eigedelane. Verdien av eigedelar i sameige skal delast mellom sambuarane sine eigardeler. Anslå eller takser salsverdiar. Rund gjerne av til næraste heile 10 000 eller 100 000 kroner når det er naturleg. All gjeld skal førast til frådrag i uskiftemidla.

| **Eigedelar (aktiva)** | **Inngår ikkje i uskiftebuet** | **Inngår i uskiftebuet** | | **Inngår ikkje i uskiftebuet** |
|---|---|---|---|---|
| | Den døde sine eigedelar | Den døde sin eigedel | Attlevande sin eigedel | Attlevande sine eigedelar |
| Felles bustad | | | | |
| Fritidseigedom til felles bruk | | | | |
| Andre eigedommar | | | | |
| Innbu og lausøyre til felles bruk | | | | |
| Anna innbu og lausøyre | | | | |
| Bil til felles bruk | | | | |
| Båt, andre kapitalgjenstandar | | | | |
| Bankinnskot | | | | |
| Aksjar, aksjefondsandelar | | | | |
| Utbetaling av livsforsikring | | | | |
| Anna formue eller verdiar av betyding | | | | |
| **Sum formue** | | | | |
| **Gjeld** | | Den døde sin del | Attlevande sin del | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| **Sum gjeld** | | | | |
| **Nettoformue** | | | | |

## Samtykke til uskifte med særkullsbarn

Attlevande sambuar har ikkje krav på å sitje i uskifte med særkullsbarn. Dersom særkullsbarna ikkje samtykkjer i uskifte, må det derfor skiftast med desse. Deira arv skal bereknast av den samla nettoformuen til den døde. Særkullsbarn kan gi samtykke til uskifte ved å underteikne her. For mindreårige særkullsbarn eller særkullsbarn som er fråtatt rettsleg handleevne, blir det ev. kravd samtykke til uskifte frå statsforvaltaren (verjemålsavdelinga).

Underteikna myndige særkullsbarn samtykkjer i at attlevande sambuar tar over dei eigedelane i uskifte som følgjer av rubrikken over.

| | | |
|---|---|---|
| Stad og dato | Underskrift | Underskrift |
| Stad og dato | Underskrift | Underskrift |

For statsforvaltaren

For mindreårig særkullsbarn eller særkullsbarn fråtatt rettsleg handleevne samtykkjer statsforvaltaren i at attlevande sambuar tar over dei eigedelane i uskifte som følgjer av rubrikken over, sjå arvelova § 32 andre ledd og § 15.

| | |
|---|---|
| Stad og dato | Statsforvaltaren sitt stempel og underskrift |

## Avtale om verdiforhold

Den attlevande sambuaren og arvingar som ikkje mottar fullt arveoppgjør no, bør inngå avtale om verdiforholdet mellom den døde sine og den attlevande sambuaren sine eigedelar i uskiftebuet.

Ved berekninga av verdiforholdet skal all gjeld etter den døde og attlevande sambuar gå til frådrag i deira respektive formuedeler i uskiftebuet.

Avtalen bør også omfatte eventuelle eigedelar som den attlevande eig utanfor uskiftebuet.

Både attlevande sambuar og alle arvingar som den attlevande sambuaren skal sitje i uskifte med, må underteikne avtalen.

Verje/mellombels verje (setteverje) underteiknar for mindreårige arvingar og arvingar som er fråtatt rettsleg handleevne.

| Avtale om verdiforhold og arveoppgjer | | |
|---|---|---|
| Ved eit framtidig skifte skal | % | av heile buet (uskiftemidla + attlevande sambuar sine midlar utanfor uskiftet) |
| reknast som den døde sin del, og | % | reknast som den attlevande sin del. |

Eigedelar som den døde eigde og som ikkje skal inngå i uskiftebuet, skal skiftast straks. Verdien av dette blir ikkje omfatta av avtalen om verdiforholdet. Attlevande sambuar og arvingane har inngått avtale om skifte av eigedelar som ikkje er omfatta av uskiftebuet.

| Stad og dato | Underskrift | Underskrift |
|---|---|---|
| Stad og dato | Underskrift | Underskrift |

## Mellombels verje (setteverje)

Dersom den døde og attlevande sambuar hadde felles mindreårige barn, må den attlevande kontakte statsforvaltaren (verjemålsavdelinga) for å få oppnemnt mellombels verje (setteverje) før avtalen kan underteiknast.

## Erklæring om arveoppgjer før uskifte

Den døde sine særkullsbarn som ikkje samtykker i uskifte, har krav på fullt arveoppgjer for seg. Før uskifteattest blir utferda, bør særkullsbarna gi erklæring om at dei har fått arven, eller at dei har inngått bindande avtale om skifte av arven. Andre arvingar som får fullt arveoppgjer, kan også gi slik erklæring.

Eg/vi arvingar etter den døde erklærer at vi har mottatt arveoppgjer/inngått bindande avtale om fullt arveoppgjer og derfor ikkje har noko meir å krevje i buet etter den døde.

| Stad og dato | Underskrift | Underskrift |
|---|---|---|
| Stad og dato | Underskrift | Underskrift |

## Opplysingar om mogeleg landbrukseigedom

Eigde den døde landbrukseigedom eller ideell del i ein landbrukseigedom
(eigedom som har over 5 dekar dyrka jord eller 25 dekar produktiv skog)

Dersom ja, gi opp matrikkeleininga: gnr. bnr. i kommune
Dersom nei, kryss av her: ☐

Spørsmålet må svarast på anten den døde eigde fast eigedom eller ikkje, og uavhengig av om eigedommen skal inngå i uskiftebuet.

## Plass for tilleggsopplysingar (kan også gis på eige ark)

## Erklæring frå attlevande sambuar

Så langt eg kjenner til, er opplysingane ovanfor rette og fullstendige.

Eg stadfestar at den døde og eg var sambuarar ved dødsfallet.

**Eg krev med dette å få utferda uskifteattest. Eg er kjent med at eg blir personleg ansvarleg for den døde si gjeld og andre plikter ved å ta over den døde sitt bu heilt eller delvis i uskifte.**

| Stad og dato | Underskrift (Sjå om digital signatur på www.domstol.no) |
|---|---|

## Kort orientering til attlevande sambuar

### Generell vegleiing

Før attlevande sambuar ber om uskifte, bør han/ho vurdere nøye om dette er den mest hensiktsmessige løysinga.
Kva som vil vere best for den enkelte vil avhenge av mange forhold, mellom anna verdien av dei eigedelane som skal gå inn i uskiftebuet, storleiken på gjelda, og alderen og inntektsforholda til den attlevande sambuaren.

Dersom attlevande sambuar skifter med arvingane, arvar han/ho fire gonger grunnbeløpet i folketrygda. Arveretten kan på visse vilkår utvidast eller innskrenkast ved testament.

Ei meir utfyllande orientering om attlevande sambuar sine rettar etter arvelova ligg på eigne nettsider om arv under www.domstol.no. Retten kan også gi nærare vegleiing.

### Kven kan ta over buet i uskifte

Attlevande sambuar som har, har hatt eller ventar barn med den døde, har rett til å overta visse eigedelar (aktiva) i uskifte. Sambuarar som ikkje har, har hatt eller ventar barn saman med den døde, har ikkje rett til uskifte. Uskifterett kan ikkje gis ved testament. Det blir rekna som sambuarskap om to personar over 18 år som verken er gift, registrert partnar eller sambuar med andre, lever saman i eit ekteskapsliknande forhold.

Den lovbestemte uskifteretten for sambuarar kan på visse vilkår anten vere utvida eller innskrenka ved testament. Uskifteretten kan dessutan utvidast om arvingane samtykkjer. Dersom den døde hadde særkullsbarn, kan dei krevje særskilt arveoppgjer.

### Gjeldsansvar

Dersom retten til uskifte blir nytta, blir attlevande sambuar ansvarleg for all gjeld etter den døde, også for eventuell gjeld som ikkje er knytt til eigedelane i uskiftebuet.

### Kva inngår i uskiftebuet

Etter lova omfattar uskifteretten felles bustad og innbu, bil og fritidseigedom med innbu som var til felles bruk for sambuarane. Alt som attlevande sambuar eig eller blir eigar av, og som høyrer naturleg saman med dei eigedelane som han/ho tar over i uskifte, går inn i uskiftebuet.

Også andre eigedelar kan inngå i uskiftebuet dersom det er fastsett i testament, eller arvingane samtykkjer. For arving som er mindreårig eller fråtatt rettsleg handleevne, må statsforvaltaren samtykkje.

### Den døde/attlevande sambuar sat i uskifte

Dersom den døde sat i uskifta bu etter ein tidlegare død ektefelle eller sambuar, må dette uskiftebuet skiftast før attlevande sambuar kan krevje å ta over eigedelane etter den døde i uskifte. Tilsvarande gjeld dersom attlevande sambuar sjølv sit i uskifta bu etter ein tidlegare død ektefelle eller sambuar.